

## **i Informasjonsdokument**

**Eksamen i EXPHIL03 hausten 2018 – sjølvstudiumsvarianten**

Tysdag 4. desember - kl. 09.00-13.00 (4 timer)

**Ingen hjelpemiddel er tilletne. Du skal svare på både del I og del II.**

Tips og triks:

- Du treng ikkje tenke på å lagre det du skriv. Inspira autolagrar kvart 15. sekund og kvar gong du byter frå ein del av oppgåva til ein annan.
- Du kan velje målform øvst i høgre hjørne.
- Øvst til venstre ser du kor mykje tid det er att på eksamen.
- Du kan auke storleiken på skrivevinduet ved å trykke på ikonet med fire piler over vindauget.

# 1 **Filosofi og vitenskapshistorie**

Anten:

## **Kunnskap**

Du skal svare på a), b) og c).

- a) Kvifor bringar Platon inn den såkalla gjenminnelæra («gjenerindringslæren» på bokmål) i dialogen Menon, og kva går ho ut på?
- b) Framstill hovudtrekka i forsøka til slaveguten på å løyse eit geometrisk problem og drøft om Sokrates klarer å sannsynleggjere at gjenminne faktisk finn stad.
- c) Korleis meiner Aristoteles vi kan oppnå kunnskap? Samanlikn synet hans med Platons teori slik du har gjort greie for denne i a) og b).












Eller:

## **Fornuft og kjensler**

Du skal svare på a), b) og c).

- a) Kva for rolle spelar kjenslene i Humes etikk?
- b) Kva for rolle spelar fornufta i Kants etikk?
- c) Samanlikn Humes og Kants syn på tilhøvet mellom kjensler og fornuft i etikken.

**Skriv svaret ditt her...**

Format | **B** | *I* | U |  $x_2$  |  $x^2$  |  $I_x$  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  | ABC | 

Words: 0

Maks poeng: 0

## 2 Etikk

Anten:

### Utilitarisme og deontologi

Du skal svare på a), b) og c).

- Utilitarisme har blitt skulda for å vere ein for krevjande teori. Kva går desse skuldingane ut på?
- Korleis kan Smart og/eller andre utilitaristar svare på kritikken?
- Fried hevdar at kategoriske reglar er absolutte. Kva tyder det, og kvifor er ikkje å følgje desse like krevjande? Diskuter kor haldbart Frieds argument er.












Eller:

### Spesiesisme

Du skal svare på a) og b)

- Singer påstår den måten mange menneske behandlar dyr på tyder på at dei er spesiesistar. Forklar kva Singer meiner med det.
- Singer påstår også at det å være spesiesist er like moralsk klanderverdig som å være rasist. Få fram kva for argument Singer set fram til støtte for synet sitt og diskuter kor haldbare dei er. Trekk gjerne inn andre filosofar på pensum i drøftinga.

**Skriv svaret ditt her...**

Format - | **B** | *I* | U |  $x_2$  |  $x^2$  |  $I_x$  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  | ABC | 

Words: 0

Maks poeng: 0